



Arkivnr: 2015/9362-2
Saksbehandlar: Øydis Rydland Ziem

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.09.2015

Innarbeiding av Lærlingplan og lærlingprognose i "Regional plan for kompetanse og arbeidskraft"

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til sak i Opplærings- og helseutvalet PS 36/15, møte 12. mai, *Lærlingplan og lærlingprognose* og sak PS 190/15 i Fylkesutvalet, møte 18. juni, *Oppnemning av saksordførar for Lærlingplan og lærlingprognose*.

Lærlingplan og lærlingprognose er ei bestilling frå Fylkestinget gjennom vedtak i sak 75/14, Årsbudsjett 2015/Økonomiplan 2015-2018. Sak OPHE PS 36/15 er lagt ved som prenta vedlegg.

Arbeidet med *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* er starta, og fylkesrådmannen ser at plantemaet *Dimensjonering av utdanningstilbod* vil dekkje vesentlege sider av det saka *Lærlingplan og lærlingprognose* skal innehalde, og samstundes femner kompetanseplanen vidare. I framlegget til planprogram er føremålet med planen uttrykt slik: «Arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft gir Hordaland fylkeskommune og andre aktørar på utdanningsfeltet høve til å vurdere meir forpliktande samarbeid og sjå verkemidla til dei ulike utdanningsområda i samanheng for å nå felles samfunns mål. Det er difor viktig å sikre dialog og samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og andre sentrale aktørar i Hordaland».

Fylkesrådmannen meiner det er gode grunnar til å innarbeide *Lærlingplan og lærlingprognose* i *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft*, slik at fylkeskommunen unngår at to pågåande planprosessar overlappar eller er i konkurranse med kvarandre.

I sak 190/15 vedtok fylkesutvalet å nemne opp politisk saksordførar for *Lærlingplan og lærlingprognose*. Anne Beth Njærheim (V) vart samrøystes vald til saksordførar. Dersom fylkesutvalet går inn for å samordne dei to planane, må det samstundes vurderast på nytt korleis politisk medverknad skal sikrast i planarbeidet.

Fylkesrådmannen vil leggje fram sak om organisering av planarbeidet for *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* for Opplærings- og helseutvalet 29.09.2015 og Fylkesutvalet 29.10.2015 som del av sak som dreiar seg om høyring og vedtak av planprogrammet. Fylkesrådmannen vil gjere framlegg om at Fylkesutvalet nemner opp dei politiske representantane som skal delta i styringsgruppa, og at fylkesrådmannen får fullmakt til å invitere deltakarar til styringsgruppe (administrativt tilsette), arbeidsgruppe, administrativt koordineringsgruppe og temagrupper i samsvar med planprogrammet.

Forslag til vedtak:

1	Fylkesutvalet støttar framlegget om å innarbeide <i>Lærlingplan og lærlingprognose</i> i <i>Regional plan for kompetanse og arbeidskraft</i> .
2	Fylkesrådmannen legg fram eiga sak om organisering av planarbeidet for <i>Regional plan for kompetanse og arbeidskraft</i> for Opplærings- og helseutvalet og Fylkesutvalet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Lærlingplan og lærlingeprogno

Fylkesrådmannen, 15.09.2015

Fylkesrådmannen viser til sak i Opplærings- og helseutvalet PS 36/15, møte 12. mai, *Lærlingplan og lærlingprognose* og sak PS 190/15 i Fylkesutvalet, møte 18. juni, *Oppnemning av saksordfører for Lærlingplan og lærlingprognose*.

Lærlingplan og lærlingprognose er ei bestilling frå Fylkestinget gjennom vedtak i sak 75/14, Årsbudsjett 2015/Økonomiplan 2015-2018.

Arbeidet med *Regional plan for kompetanse* er starta, og fylkesrådmannen ser at plantemaet Dimensjonering av utdanningstilbod vil dekkje vesentlege sider av det saka *Lærlingplan og lærlingprognose* skal innehalde, og samstundes femner kompetanseplanen vidare. I framlegget til planprogram er føremålet med planen uttrykt slik: «Arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft gir Hordaland fylkeskommune og andre aktørar på utdanningsfeltet høve til å vurdere meir forpliktande samarbeid og sjå verkemidla til dei ulike utdanningsområda i samanheng for å nå felles samfunns mål. Det er difor viktig å sikre dialog og samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og andre sentrale aktørar i Hordaland».

Planprogrammet føreset at det er behov for omfattande utgreiingar og analysar for å sikre eit best mogeleg grunnlag for kompetanseplanen. I kapittel 5 i planprogrammet er det gjort greie for kva utgreiingar og analysar som er aktuelle. Der er det konkret nemnt at innhald som vil vere sentralt i *Lærlingplan og lærlingprognose*, skal utgreiast:

- Kartlegge forholdet mellom opplæringstilbod, lærlingplassar og rekruttering og gjennomføring innan vidaregåande opplæring, og korleis konjunktursvingingar har påverka dette.

Det er alt lagt planar for utgreiing av dette, og det er tenkt at utgreiinga vert viktig arbeidsgrunnlag for ei temagruppe som særskilt skal sjå på dimensjonering av utdanningstilbod.

Fylkesrådmannen meiner det er gode grunnar til å innarbeide *Lærlingplan og lærlingprognose* i *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft*, slik at fylkeskommunen unngår at to pågåande planprosessar overlappar eller er i konkurranse med kvarandre.

I sak 190/15 vedtok fylkesutvalet å nemne opp politisk saksordfører for *Lærlingplan og lærlingprognose*. Anne Beth Njærheim vart samrøystes vald til saksordfører. Dersom fylkesutvalet går inn for å samordne dei to planane, må det samstundes vurderast på nytt korleis politisk medverknad skal sikrast i planarbeidet.

Fylkesrådmannen vil leggje fram sak om organisering av planarbeidet for *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* for Opplærings- og helseutvalet 29.09.2015 og Fylkesutvalet 29.10.2015 som del av sak som dreiar seg om høyring og vedtak av planprogrammet. Fylkesrådmannen vil gjere framlegg om at Fylkesutvalet nemner opp dei politiske representantane som skal delta i styringsgruppa, og at fylkesrådmannen får fullmakt til å invitere deltakarar til styringsgruppe (administrativt tilsette), arbeidsgruppe, administrativt koordineringsgruppe og temagrupper i samsvar med planprogrammet.